

# Håvik-tretta

1771 - 1781

Kjelde: Haram Bygdebok

Den 30. juli 1771 vart retten sett på Haram der sorenskrivar Falck og lagretten skulle dømme i ei sak mellom bøndene på Haram og Ulla om eigedomsretten og bruksretten til Håvika som båe gardane påstod å ha retten til. Bøndene på Ulla hadde teke til å spa torv i Håvika, og dette protesterte bøndene på Haram imot. For å prove sin rett hadde båe partane innstemnt vitne i saka, så som Knut Bukkeskinn 73 år gamal, tent på Haram i 10 år, Ole Povelson Moldværshamn, fødd i Skodje, 61 år gamal, var gardbrukar på Haram i 16 år, Ellend Klokset i Ålesund 65 år, tent på Haram i 7 år, Sjur Torson Myklebost f. Rogne, 60 år gamal, tent på Haram 2,5 år, Tore Ramstad Myklebost 62 år, tent på Haram i 4 år. Alle desse vitna at Håvika var skinstøe for Haramskyrne og alltid deira beitemark. Dei mintest også ein gamal hagard utafor Håvika, frå fjell til fjøre.

Klokkar Jørgen Amdam frå Vanylven forkynte forbod mot torvspainga i Håvika i 1770. Då svara nokre frå Ulla at dei måtte spa torv der fordi halvebruka hadde ikkje torvmark i Ullaholmen. Jens Urkedal vitna dette, og likeså at nokon frå Haram sparka det oppspadde torvet ned i hola. Ikkje alle spadde innafor hagarden. Denne garden (eller gjerdet) var grensa, sa han. Jørgen Blakstad 65 år (tent på Åkre) sa at ein stor stein kalla Stolen på Håneset var bytestein mellom gardane. Han hugsa at Ullakyrne gjekk på beite i Håvika før Haram hegna inn Djuvika. I den tida var Haramskyrne ikkje i Håvika. Anders Blakstad 53 år, hadde tent på Myskje. Då hjelpte han Peder Ulla å slå høy i Håvika. Og dei reiv lyng i Kleiva innafor Håvika. Han hørde og at Stolen var bytestein. Iver K. Voldsdal 48 år, hadde tent på Ulla i 7 år. Han slo gras og reiv lyng i Kleiva, og hugsa at Ullakyrne beita i Håvika til dei vart slept åt Holma. Ein gamal mann Ole Nilsen Ulla hadde sagt at Ullamarka rakk til Stolen. Henrik Pederson Tryset på Austnes 59 år, Ole Jokobsen på Austnes 53 år, Jetmund Arneson Synnaland 71 år, Peder Arneson Synnaland 68 år, Gunder Olsen Hildre 50 år, Ole Olsen Hildrestrand 38 år, Peder Guttormson Ulla 62 år, vitna alle om den bruksrett Ulla hadde i

Håvika, og nokre stadfeste vitnemåla frå Blakstad og Voldsdal. Peder Ulla slo høy i Håvikskredene kvart år like til 1754, då skredene vart delt mellom Ullabøndene. Ole Olsen Hildrestrand sa at han mange gonger reiv lyng i Håvika i dei åra han tente på Ulla, og han gjætte Ullakyrne i Håvika til slåttan kom. Haramskyrne heldt til på "Legå" og i Djuvika før Haram la inn den utmarka.

Alle vitna kunne hugse hagarden i Håvika som nokre kalla Nyehagarden. Dei siste vitna trudde at Ullabøndene hadde bygd han åleine for å hindre at hestane deira sprang for langt frå tuna. Ingen sa imot dette. Noko sers meir fekk ikkje vitna høve til å nemne i retten. Haram hadde Lindroph til sakfører, og Ulla J. Boldt. Lagrettesmennene var frå Borgund. Rettsmøtet vart halde i stova hans Ole Torson Haram. Her møtte og dei innstemnde bøndene frå Haram og Ulla, nemleg frå Haram: Ole Torson, Gunder Olson, Paul Bodvarson, Lars Arneson, Arne Larsson, Rasmus Rasmusson, Anders Gunderson, Knut Knutson, Ole Jonson, Søren Pederson, Peder Ellingson, Aage Larson, og frå Ulla: Tore Jonson, Hogne Erikson, Jesper Jerperson, Sjur Pederson, Peder Guttormson, Elling Pederson, Rasmus Pederson og Peder Hogneson. Alle bøndene på Haram var leiglendingar, men på Ulla var dei 4 første her sjølveigarar. Jordeigarane var også innstemnde. Futen Alsing åtte Peder Guttormson sitt bruk, Henning Abelseth åtte Elling Pederson og Rasmus Pederson sine bruk på Ulla. Og elles åtte Haramskyrkja, Vigrakyrkja og Borgund prestebol noko. Madam salig Friman åtte mest heile Haram.

Nils Vind møtte som fullmektig for henne. Elles møtte dei fleste bøndene på Åkre, Myskja og Austnes, så huset vart fullt. Då vitna var avhøyrde, gjekk retten og mange fleire til Håvika for å sjå. Sokneprest Abelseth på Kjerstad var og med. Han kravde at retten såg etter om Ulla med sine 14 våger fisk hadde ettermåten like god utmark som Haram med 22,5 våger.

Den 1. august same år var retten og bøndene atter samla på Haram. Då vart dei "udi all venlighed forligte og forenede om hvordan bytte og mærkeskjællet imellem Haram på den ene side og Ulla på den anden side herefter bestandig og uryggelig skal blive". Bytelina mellom Haram og Ulla vart merkt med byttesteinar. Den nedste kalla "Hånessten", og frå den gjekk lina opp til Myrhaugsten, Kleivhaugsten, Harestuesten og opp til eit kors, hogge høgt oppe i fjellet. Såleis fylgde byttet høgste

ryggen på Håneset. Alt som låg utanfor denne lina var Ullamark. Men Ulla hadde beiterett i Håvika berre til 28. mai, og resten av sommaren hadde berre Haram beiterett der. Torvmarka i Håvika skulle Ulla få åleine like til den nemnde bytelina på Håneset. Og Ulla skulle halde i stand den gamle hagarden ytst i Håvika åleine. Denne domen var alle nøgde med. Sakskostnaden vart utlikna på kvar mann etter skylda.

Men semja vart ikkje så endelaus og ubryteleg som det såg ut til den 1. august 1771. Det dukka opp ein ny næringsveg i Haram nokre år etter. Det var tarebrenninga. I Håvika var det mykje god tang og tare, og så tok Ullakarane til brenne der, men då vart semja med Haram slutt. Bøndene frå Haram møttest med Ullabøndene til gamaldags ordstrid som gjorde vondt verre, og så vart det søksmål att. Haram var misnøgde med det og at Ullabøndene ikkje heldt hagarden i stand, og let kyrne sine gå i Håvika om sommaren. No skulle dei takast for det med.

Den 15 oktober 1779 var det ting på Gamlem, og her møtte Sjur og Guttorm Ulla for alle Ullabøndene som var innstemnde av Haramsbrukarane og klaga for tarebrenning i Håvika. Saka vart utsett og kom fram att på tinget 14. juni 1780. På Bodvarson og Gunder Olson møtte frå Haram og påstod deira rett. Saka vart atter utsett.

Den 18. oktober 1780 møtte atter utsendingar frå Haram og Ulla på tinget på Gamlem der same saka vart ordskift igjen. Det vart opplyst at lensmann Krey hadde vore i Håvika den 18. august 1779 og i september same året og forbode tareskjeringa der. Og så sett arrest på tareoska som låg der, i alt 70 våger etter hans dom, endå det var berre 59 våger. Ullakarane hadde straks etter selt oska til ein kjøpmann i "Borgensund" for 1 ort 3,5 skilling pr. våg. Det møtte nokre vitne både for Ulla og for Haram, men dei fekk mest inkje å seie.

Domaren Johan L. Bull (skrivar på Sunnmøre) forstod ikkje tilhøva og ynskte eit kart, men la til at det vart ein stor kostnad. Då bad bøndene frå Haram og Ulla om dom i saka utan kart, og det vart innvilga. Dom vart avsagd den 20 november 1780.

Tiltalen mot Ullabøndene vart forma i 3 klagemål:

1. Ulovleg tareskjering.
2. Brot på forbodet frå lensmannen.
3. Forsømt gjerdeplikt.

*"Thi kjendis for rett":*

1. Forbodet var lovlegt og skulle vyrdast.
2. Ullabøndene skal betale Haram for oska 20 riksdalar 1 ort 16 skilling.
3. Hagarden i Håvika skal vølast til 3. mai. I anna fall skal Ullabøndene betale 5 riksdalar til Haram fattigkasse.
4. Ullabøndene skal betale 8 riksdalar i sakskostnad.

Hermed var Håvik-tretta slutt førebels. Ho dukka opp att nokre år etter, og enden vart at Haram fekk all rett til halve Håvika, og Ulla resten åleine.

*Merknad:* Ved å studere domen frå 1. august 1771 finn ein snart ut at Ullabøndene hadde betre rett enn Haramsbøndene til taren i Håvika. Premissane som J. L. Bull dømde etter, var vitterleg range. Han gjekk ut ifrå at Ulla vart fråtekne all rett i Håvika, så nær som beite og torvspaing. Domen i 1771 seier ikkje det. Han seier heller ikkje det som Bull dømde, at Haram vart tildømd Håvika til fritt bruk i alle måtar i 1771. I den domen står berre: "Derimod skal Harams eiere og beborer bestandig have sit fri beite og græsgang for sine creaturer udi Håvigen". Nokon annan rett i Håvika fekk ikkje Haram i 1771.